

Midlar til ressursavklaring

Bakgrunn:

I [Jordbruksavtalen 2022](#) fekk Innovasjon Noreg høve til å gje midlar til ressursavklaring i samband med investeringsprosjekt. I førebels oppdragsbrev frå LMD er det omtala på denne måten:

«Det er naudsynt at både rådgjevningsapparat og Innovasjon Norge tek ei meir aktiv sparringsrolle i samband med investeringsprosjekta. Målet må vere å bidra til fleire økonomisk berekraftige prosjekt for små og mellomstore bruk. IN får, i forlenginga av si rolle som sparringspartner, høve til å bistå med ei ressurskartlegging i forkant av sjølve investeringsprosjekta, og at det kan nyttast IBU-middel til dette.»

Formål:

Målet med ordninga er å bidra til avklaring om realisering av økonomisk berekraftige prosjekt, særleg for små og mellomstore bruk som må tilpasse seg lausdriftskravet.

Målgruppe:

Små og mellomstore bruk som står framfor større vegval om investeringar innan tradisjonelt landbruk, særleg små og mellomstore bruk som må leggje om til lausdrift.

Kva det kan søkjast støtte til?

- Ekstern bistand til å avklare brukarfamiliens ynskje for framtida, framtidsplanar eller «forretningsside».
- Ekstern bistand til å kartleggje ressursar i form av kva personlege ressursar, areal- og kvoteressursar, økonomiske ressursar og materielle ressursar brukarfamilien og bruket rår over
- Ekstern bistand til å kartleggje investeringsomfanget bruket kan make for å sikre økonomisk berekraft for ulike driftsalternativ.
- Ekstern bistand til å kartleggje i kva grad eksisterande bygningsmasse kan nyttast, her under som grunnlag for evt. trinnvis utvikling og utbygging.

Kva er ekstern bistand?

- Ekstern bistand er betalte rådgjevingstenester frå profesjonelle rådgjevarar innan områda «Kva det kan søkjast støtte til».

Kva det ikkje kan søkjast støtte til?

- Utarbeiding av fullstendige bygningsplanar, anbodsdokument o.l. då dette kan inngå i kostnadsoverslaget for investeringa.

Kor mykje kan det gjevast i støtte?

- Det kan gjevast inntil 100 % av eksterne kostnader avgrensa til 100 000 kroner. Maksimal sum gjeld særleg i dei tilfella det må gjennomførast omfattande bygningsmessige undersøkingar på eksisterande bygningsmasse.

Utbetaling

- Løyvinga vert utbetalt når det er lagt fram krav om utbetaling, stadfesta rekneskap og rapport som klargjer brukarfamiliens ynskje for framtida, ressursgrunnlaget og brukets evne til å gjennomføre nødvendige investeringar.
- Det er ikkje eit krav om at sjølve investeringa vert gjennomført for å få utbetalt støtta til ressurskartlegginga.